

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, FRP, V fram forslag til endra prioritering innafor nye KID prosjekt.

I prioriteringa byter tiltaket «Lokalbåtrute i Austevoll» plass med «Skibuss Odda-Jondal». Teksten i pkt 1 i innstillinga vert tilpassa dette.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til omprioritering vart vedteke med 8 røyster (H, FRP, V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioritiseringsrekkefølgje:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Pågåande KID-prosjekt.	3 020 000
2. Nye KID-prosjekt.	390 000
Sum	3 410 000

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal vere lik det vedtekne.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.